

Saksnr: 2019/16-1  
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utvall	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesting		15.10.2019

## **Reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune**

**Forslag til vedtak**

1. Fylkestinget vedtek «Reglement for kontrollutvalet», slik det ligg føre.
2. Fylkestinget ber om at rettar for kontrollutvalsmedlemar som ikkje har sete i fylkestinget, relatert til gruppermøte før fylkestingssete, vert vurdert og innarbeidd i «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune». Dette med utgangspunkt i innspel og moment som går fram av saksframlegg og handsaming i møter i denne saka.

**Samandrag**

Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har handsama sak om reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune slik:

- Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune sak PS 77/19 i møte 02.09.2019
- Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune sak 42/19 i møte 02.09.2019

Begge kontrollutvala har likelydande saksframlegg med vedlegg som låg til grunn for handsaming av saka, og dei har vedteke same innstilling.

Saksframlegg med saksprotokoll frå begge møta ligg ved.

Fylkestinget i Vestland skal fastsette reglement for kontrollutvalet. Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune legg med dette fram sak om reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

Kontrollsjefen går inn for at fylkestinget vedtek framlagte reglement for kontrollutvalet, og at medlemer i kontrollutvalet som ikkje sit i fylkestinget får dekka sine behov for deltaking i politisk verksemd i samband med fylkestinget si handsaming av kontrollutvalssaker. Dette bør bli integrert i «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune».

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven signatur.*

#### Vedlegg

- 1 Melding om vedtak, kontrollutvalet i Sogn og Fjordane, 02.09.19
- 2 Felles saksframlegg til kontrollutvala om utkast til reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune
- 3 Melding om vedtak i kontrollutvalet i Hordaland, 02.09.19
- 4 Utkast reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har handsama sak om reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune slik:

- Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune sak PS 77/19 i møte 02.09.2019
- Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune sak 42/19 i møte 02.09.2019

Begge kontrollutvala har likelydande saksframlegg med vedlegg som låg til grunn for handsaming av saka, og dei har vedteke same innstilling.

Saksframlegg med saksprotokoll frå begge møta ligg ved.

Fylkestinget i Vestland skal gjere endeleg vedtak og fastsette reglementet for kontrollutvalet. Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune legg med dette fram sak om reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

### Handsaming i fellesnemnda

Utkast til reglement for kontrollutvalet for Vestland fylkeskommune, vart lagt fram for handsaming på møte i fellesnemnda, 18.september 2019. Det vart gjort følgjande samrøystes vedtak:

1. «*Fellesnemnda vedtek «Reglement for kontrollutvalet», slik det ligg føre.*
2. *Fellesnemnda oppmodar om at rettar for kontrollutvalsmedlemar som ikkje har sete i fylkestinget, relatert til gruppemøte før fylkestingssete, vert vurdert og innarbeidd i «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune». Dette med utgangspunkt i innspel og moment som går fram av saksframlegg og handsaming i møter i denne saka.»*

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jfr kommunelova

### Vurderingar og verknader

For vurderingar viser kontrollsjefen til vedlegg i saka, med utkast til reglement for kontrollutvalet, samt felles saksframstilling i begge dagens kontrollutval for handsaming av utkast til reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

### Konklusjon

Kontrollsjefen går inn for at fylkestinget vedtek framlagte reglement for kontrollutvalet, og at medlemer i kontrollutvalet som ikkje sit i fylkestinget får dekka sine behov for deltaking på politiske gruppemøter i

samband med fylkestinget si handsaming av kontrollutvalssaker. Dette bør bli integrert i «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune».